

# Kyrkjetonar

Kyrkjeblad  
for Tysvær  
Prestegjeld,  
Bokn,  
Førresfjorden,  
Nedstrand  
og Tysvær sokn

NR. 1 – 2002 – 44. ÅRGANG – UTGJEVE AV SOKNERÅDA

**Påske** s. 3

**Mangfold: Kyrkja  
i Tysvær og  
Kamerun** s. 4

**Hvis du ikke  
møter, vil du  
bli hentet** s. 4

**Bruk av sonda-  
gen før og nå**  
s. 5

**Reint drikkevatn  
i Rwanda.  
Fasteaksjonen  
2001** s. 6


**Bokn:  
Madagaskar-  
kveld og  
Grundtvig-kveld**  
s. 7-8

**Aksdal: Nytt  
Alpha-kurs** s. 9

**Velkommen til  
gudsteneste!**  
s. 12



Altartavla i Førre kirke



**KYRKJEKONTORET FOR BOKN, TYSVÆR OG FØRRESFJORDEN SOKN**

**AKSDAL KIRKJE**

Tlf. 52 77 07 99, telefaks 52 77 07 88  
Ekspedisjonstid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 10-13

**SOKNEPREST ARNE AURDAL**

Tysvær sokn og Bokn sokn  
Aksdal kyrkje, tlf 52 77 07 99  
Kontortid: Tysdag og onsdag kl 10-12  
Ellers etter avtale. Privat tlf. 52 77 71 51

**KAPELLAN HELGE S. GAARD**

Førresfjorden menighet  
Aksdal kyrkje, tlf 52 77 07 99  
Kontortid: Tysdag og onsdag kl 10-12  
Ellers etter avtale. Privat tlf. 52 77 58 30

**KATEKET ARNE M. HANSSEN**

Tlf 52 77 07 99, kontortid tysdag kl 10-12  
Ellers etter avtale. Privat tlf. 52 71 35 68

**KATEKET MARIT SOFIE TEISTEDAL VIKRE**

Tysvær Soknehus, tlf 52 77 11 88,  
privat 52 77 72 78

**ORGANISTAR:**

Kari Undheim, tlf 52 77 38 37  
Stein Johannes Kolnes, tlf. 52 77 40 05  
Magne Kristoffersen, tlf 52 77 35 30

**KYRKJEVERJE FOR TYSVÆR KOMMUNE:**

Terje Fjeldheim  
Aksdal kyrkje, tlf 52 77 07 99

**KYRKJETENAR I TYSVÆR SOKN:**

Ingebrigitt Lundervold, tlf 52 77 71 48

**KYRKJETENAR I**

**FØRRESFJORDEN MENIGHET:**  
Målfrid Høie, tlf 52 77 36 88

**KYRKJEVERJE**

**OG KYRKJELYDSSEKRETÆR I BOKN:**  
Svanhild Alvestad, tlf 52 74 84 24

**KYRKJETENAR I BOKN SOKN:**

Odd Grønnestad, tlf 52 74 84 03

**ORGANIST I BOKN SOKN:**

Karina Lervik

**KYRKJEKONTORET FOR NEDSTRAND SOKN,**

Nedstrandtunet,  
tlf. 52 75 79 10, telefaks 52 75 79 11  
Kontortid: tysdag til fredag kl 09-12

**KAPELLAN DAG TORMOD MILJE**

Tlf. 52 75 79 10, privat 52 77 81 80

**KYRKJETENAR I NEDSTRAND SOKN:**

Nedstrand kyrkje: Odd Topnes, tlf 52 77 97 19  
Skjoldastråmen kapell:  
Barbara Stølsvik, tlf 5277 9278

# Redaktørens hjørne



## Hjelp oss å gi ut Kyrkjetonar – betal bladpengane!

Dette kyrkjebladet vert utgjeve av sokneråda i Tysvær prestegjeld. Bladet vert redigert av ein redaksjonskomité som sokneråda har oppnemnt. Me trur at bladet spelar ein viktig rolle som informasjonsblad og kontaktledd i menighetene våre. I bladet ønskjer me å –

- Gi eit innblikk i det som skjer i kyrkja i vårt nærområde,
- Peika på ansvar og utfordringar i større samanheng ved alltid å ha med stoff om misjon og hjelpearbeid,
- Gjennom meir forkynnande stoff å peika på Han som er grunnlaget for arbeidet i kyrkja,
- Formidla kungjeringsstoff om gudstenester og aktivitar i kyrkja og kristne organisasjoner.

For å gjennomføra desse oppgåvene må bladet ha inntekter til å dekka produksjons- og distribusjonskostnadene. Me har

ingen grunn til å dramatisera den økonomiske situasjonen – bladet har til nå hatt ein trygg og nøktern økonomi utan vesentlege over- eller underskott. Men for å kunne halda fram som til nå, må me sikra denne situasjonen også i det nye året me har gått inn i. Bladkontingenten er den største inntektskjelda til Kyrkjetonar. Den er frivillig for alle som har postadresse i Tysvær og Bokn kommunar, andre har høve til å abonnera. Etter fleire år utan auke i bladpengane vedtok styret i fjar å auka abonnementsavgifta frå kr. 100,- til kr. 125,- per år frå og med 2002 for å dekka auken i produksjonskostnader. Betal denne frivillige kontingensten, og du er med på å sikra at kyrkjebladet framleis kjem ut som til nå!

Du finn ferdig utfylt giroblankett som vedlegg til dette nummeret.

*Sigbjørn Berentsen*

## Om forsidebildet

Altartavla i Førre kirke illustrerer Jesu liding og død. Under bildet står teksten "Ecce homo" – Pilatus sine ord på latin: "Sjå dette mennesket!" Måleriet er utført av Jacob Sømme og er ein kopi av det meir kjende kunstverket med same tittel av Eilif Peterssen.  
Altartavla var ferdig i 1907.

# Kyrkjetonar

kjem ut med 4 nummer i året: Mars, juni, september og desember.

Redaktør: Sigbjørn Berentsen, Grovamyr 21, 5570 Aksdal,

tlf. privat 52 77 54 50, e-post: sigbjorn.berentsen@c2i.net

Post til redaksjonen kan også sendast Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, tlf. 52 77 07 99, faks 52 77 07 88.

I redaksjonen: Sigve Djursvoll, Arnt Kåre Rolland, Ellen Ellingsen, Sigvart Våga.  
Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold, tlf. 52 76 21 22.

Girokonto 0531.49.46091. Frivillig kontingent kr. 125,-.

Ekspedisjon: Karen Kvalheim, Hinderåvåg, 5560 Nedstrand, tlf. 52 77 84 73.

Internett-utgåve: <http://www.tysver.kommune.no/kyrkja>, lenke til Kyrkjetonar

Grafisk produksjon: A1 Grafisk Karmøy

# Den oppstandne Jesus

## Den tomme graven

Tidlig om morgen den første dag i uken, mens det ennå var mørkt, kom Maria Magdalena til graven. Da så hun at steinen foran graven var tatt bort.



Hun løp av sted og kom til Simon Peter og til den andre disippelen, han som Jesus hadde kjær, og hun sa: "De har tatt Herren bort fra graven, og vi vet ikke hvor de har lagt ham."

Da gikk Peter og den andre disippelen av sted og ut til graven. De løp sammen, men den andre disippelen løp fortare enn Peter og kom først fram til graven. Han bøyde seg inn og så linklærne ligge der, men han gikk ikke inn i graven. Simon Peter kom nå etter, og han gikk inn.

Han så linklærne som lå der, og kleddet som Jesus hadde hatt over hodet. Det lå ikke sammen med linklærne, men sammenrullet et sted for seg selv. Da gikk også den andre disippelen inn, han som var kommet først til graven.

Han så og trodde. Hittil hadde de ikke forstått det skriften sier, at han skulle stå opp fra de døde. Disiplene gikk så hjem.

*Evangelisten Johannes (Joh. 20, 1-10).*

## ...og hva så ?

Dette er preketeksten for påskedag. Da er det høytidsgudstjeneste i kirkene våre, slik at vi kan feire denne seiersfesten og få del i gledesbudskapet og frigjøringen. Velkommen til påskefeiring!



*De løp sammen, men den andre disippelen løp fortare enn Peter*



## Pasjonssalme

Bleik på krossen heng han.  
Gud lar det berre skje.  
Ingen av dei som står og ser på,  
har makt til å ta han ned.

Ingen kjennest ved han,  
mennesket, Herrens son.  
Gud høyrer ikkje at Sonen ropar.  
Jorda er utan von.

Opprørt spør han Far sin:  
Har Du forlate oss?  
Svaret blir til i dødens einsemd:  
Vår einaste von ein kross.

Brått i dødens lysning  
ser vi vår eiga verd.  
Forhenget rivnar i Herrens tempel.  
Det heilage kjem oss nær!

I dei mørke tider  
stig lengt mot lys og fred.  
Etter at våre rop har stilna,  
først da kan Hans vilje skje.

Ut av dødens time  
ropar han frelsa ut:  
Kjærleiken som er større enn døden,  
skal vise ein veg til Gud.

*Edvard Hoem. Frå samlinga "Den fattige Gud", 1993.*

# MANGFALD

Kyrkja, og dei vilkåra kyrkja har, er prega av mangfald. Etter seks år i den lutherske kyrkja i Kamerun blir dette enda meir tydeleg for meg som ny kapellan i Tysvær Prestegjeld.

Dei første åra i Kamerun reiste eg mykje rundt og besøkte dei 45 kyrkjelydane i dei to distrikta eg jobba. Eg møtte eit kyrkjeliv som var prega av fattigdom og rikdom, og som var svakt og sterkt.

Fattigdomen gjekk mellom anna på at dei hadde omrent ikkje midlar til å driva arbeidet. Søndagens offer kunne gjerne liggja rundt 15 kroner, om offeret var godt. Den ansvarlege for kyrkjelyden fekk ofte ikkje den økonomiske støtta han hadde krav på. Rikdomen gjekk mellom anna på at kyrkjene stort sett var fulle kvar søndag morgen, med sterk delta-kning i song, bøn og forkynning. Eg trur dei kristne opplevde at denne samlinga gav dei noko som dei trengte i kvardagen.

Det svake kunne handla om manglende kjennskap til det elementære i den kristne trua. Ikkje få av dei



Mange av kyrkjene i Afrika er fattige, men likevel rike. Bildet viser staskledde afrikanske kristne på veg ut frå ei primitiv, men fullsett kyrkje etter festgudsteneste påskedag. Illustrasjonsfoto: Kristeleg Pressekontor

kristne i dei kyrkjelydane eg besøkte, var analfabetar som ikkje hadde høve eller evne til å fordjupa seg i trua. Mange stader hadde dei sjeldan besök av prest, og den som var ansvarleg for kyrkjelyden i landsbyen, hadde ofte liten lærdom om kristen tru. Men noko av styrken til kyrkjelydane var at dei "brukte" trua. Dei hadde bruk for den i kvardagen. Når sjukdom kom, og det var liten tilgang til lege og sjukepleiar, blei behovet stort for å ta bøna i bruk. Eller når frykt for det vonde og fare for dårlege avlingar presenterte seg, blei bibelordet "Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera..." tolka veldig konkret og umiddelbart. Trua var relevant for livet.

Etter nokre månader i Tysvær prestegjeld har eg på ny fått praktisk kjennskap til norsk kyrkjeliv. Sjølv sagt opplever eg at ting er annleis. Men også hos oss kan eg snakka om fattigdom og rikdom, svakt og sterkt kyrkjeliv. Her har kyrkja ein økonomi som gjer oss i stand til å halda ein høg standard på alle område. Arbeidarar får løna dei har krav på. Men sett i forhold til denne investeringa er vi fattige når vi til dømes ser på oppmøtet til gudstenestene. Samanlikna med kristne i Kamerun har dei kristne i Tysvær god kunnskap om trua, og arbeidarane våre har eit høgt fagleg nivå. Men eg vil påstå at vi er fattige når det kjem til å gjera bruk av dette i dagleglivet. Vi er lite flinke til å sjå at trua er relevant i vår kvardag.

Eg vil avslutta med å minna om at vi kan læra mykje av å kjenna mangfaldet som pregar Kristi kyrkje på jord. I det ligg det òg ei påminning om å vere audijsuke i møte med kyrkjer som ikkje lukkast på dei same områda som oss.

Helsing Dag Tormod Milje

## Her på side 4 og 5

finn du tre artiklar om menighetsliv og gudstenester. Torbjørn Egenberg skriv kanskje særleg til deg som ikkje er i kyrkja ofte: Unn deg ein gudsteneste! Sigve Djursvoll gir oss bakgrunn for ettertanke ved å fortelja om korleis søndagen blei brukt før i tida. Kapellan Dag Tormod Milje skriv om det sterke og det svake ved menighetslivet i Kamerun og Tysvær, og viser oss at vi har godt av å sjå mangfaldet i Kristi kyrkje.

Red.

## Alpha-kurs i Førresfjorden menighet

Det vil bli nytt Alpha-kurs i Aksdal kyrkje til høsten med start 19. september. Kurset tar opp ulike emner rundt den kristne tro og er åpent for alle. Utvikling og bygging av sosialt fellesskap står sentralt i opplegget. Nærmore informasjon kommer i neste nummer av Kyrkjetonar!



Dag Tormod Milje

# Hvis du ikke møter, vil du bli hentet

Det er soningskø ved norske fengsler, det vil si at det kan gå mange måneder fra man blir idømt en fengselsstraff til man blir innkalt for å sone. Men omsider kommer innkallingen, og den avsluttes med følgende setning: "Hvis du ikke møter, vil du bli hentet."

Slik er det ikke i kirken. Du må møte frem selv, eller be noen komme å hente deg. Men hvorfor skal du gå i kirken – er det noe godt å hente der?

Hva er godt for et menneske? Det finnes kanskje noe vi kan være enige om er goder for alle mennesker, noe tilslørt og enkelt som for eksempel:

- å sitte ved et bål en sommerkveld
- etter lang tids adskillelse å få omfavne et menneske som betyr mye for oss
- å drikke kaldt vann fra en bekk etter noen timers vandring i fjellet
- å ha gitt en gave som ble mottatt med spontan glede og takknemlighet
- Her kommer et eksempel til, som vår tid er i ferd med å glemme: – å søke stillhet, bønn og meditasjon på et hellig sted. Vi har flere kirker i vårt nærområde, det er god plass der, der synges salmer og leses tekster som har virket berikende og beroligende på mennesker gjennom flere hundre år.

Hva kan du og Gud få ut av at du sitter stille i kirkebenken en times tid? Det er ikke lite, men det må erfares, akkurat slik som bålvarmen, omfavnelsen, det forfriskende vannet og givergleden.

Du har helt sikkert snakket med noen som forteller om sin ferietur i utlandet. Da sier de gjerne: "Og en dag tok vi en avstikker til en liten landsby der det var veldig få turister. Det var så herlig å være i stillheten der, å følge folks fredeelige dagligliv på nært hold."

Tilbake til gudstjenestene her hjemme: Hvorfor ikke prøve deg på en "avstikker"? Skal du finne den stillheten du lengter etter, nytter det ikke å komme på julaften eller når det er 4-5 barn som skal døpes. Dette er viktige begivenheter for kirken og for familiene, men det er for mye svette, tyggegummi, bunader og blitslamper til at du kan oppleve den gode stillheten. Fine opplevelser i kirken får jeg oftest på gudstjenester der kirken langtfra er fullsatt.

*Dette blir mitt velmente råd:  
Unn deg en gudstjeneste!  
Torbjørn Egenberg  
Ieder, Førresfjorden menighetsråd*

# Bruk av søndagen før og nå

Av Sigve Djursvoll

I forbindelse med Førre kirke sitt 100 års jubileum i 1993 arrangerede menigheten en kulturuke. Et av temaene var bruk av søndagen i eldre tid. Trygve Sandvik (tidligere sokneprest i Skjold, og vikar i Tysvær prestegjeld ved flere høve) fortalte om bruk av søndagen i hans barndom og ungdomstid.

En søndag, fortalte Sandvik, drog bror hans ut for å fiske. Selv om han visste at det skulle man ikke gjøre på søndagen. Fisken var "på betet", og den ene fisken etter den andre blei halt inn over ripa. Siden det var søndag blei fiskefangsten tatt inn på naustet. Mandags morgen hentet han fisken og gav den til moren. "Denne e'ikkje fiska i dag" bemerket hun. Mer blei ikke sagt om den saken.

Dette var for 60-70 år siden. I vår moderne tid høres lyden av grasklipper og maskindrevne hageredskaper i boligfeltene. De som har det ekstra travelt, bruker søndagen til murer- eller støpearbeid som krever at cementblanderen er i drift. Enkelte bønder pløyer, horver eller fórhauster når været er høvelig om søndagen. Sammenlig er det stor forskjell fra gammeldags søndagsro til våre



*Søndagsfred. Ole Martin Kristensen og kona Karen Serine, fotografert i bestestua i huset deres på Eikåsen, Tendeland, Nedstrand, omkring 1914. Fra boka Nedstrand 1, bygdebøkene om Tysvær dagers aktive livsførelsel.*

## HELGEDAGSLOVGIVING

Ifølge Gulatingsloven fra middelalderen begynte søndagen ved nons tider lørdag, dvs. omlag kl. 16, og varte til natt til mandag. Da skulle ingen arbeide, verken fiske, gå på jakt eller arbeide på åker og eng. Brudd på loven førte med seg skrifte og kirkebot.

Forbudet mot å arbeide på søndagen, og særlig i prekentiden, blei opprettholdt etter Reformasjonen. Både Christian V's lov av 1687 og sabbatsforordningen av 1735 satte bøter og straff for brudd på helgedagsbestemmelserne. Unntak blei gjort i tilfeller der avlingen kunne bli ødelagt av dårlig vær. Nyere lov av 1963 bestemte at det skulle være helligdagsfred mellom kl.06 og 13 på

*Forts. neste side*

vanlige søndager "for å verne om det gudstjenestelige liv og den allmenne fred på kirkens sør- og helligdager og for å gi høytiden ro og verdighet".

Stell av dyr og matlaging måtte selv-sagt gå som vanlig. Hus- og klesvask skulle være avsluttet før helgen. Det var sett på som dårlig folkeskikk om klesvasken hang på snoren om søndagene. Søndagsmiddagen gjorde en gjerne ferdig lørdag ettermiddag eller kveld. Dette var lenge før husene fikk kjøleskap. Maten blei satt ut på et kjølig sted. En slekning av meg fortalte at man i hans hjembygd satte middagsmatten i bislaget. Ungdommene visste selvsagt om dette, og det hentet at noen av dem natt til søndag var innom og satte til livs hele søndagsmiddagen. Folk låste ikke ytterdørene på den tiden.

#### SØNDAG ER KIRKEDAG

Å gå til kirke blei ansett som kristenplikt og god folkeskikk. I praksis gikk nesten alle til kirken. Gamle og skrøpelige folk måtte være hjemme, og noen måtte ta seg av små barn og ha tilsyn med buskappen. Christian V's lov av 1687 påla alle å gå til nattverd en gang for året. Fravær fra den årlig altergangen medførte "at da skal han udstaa Kirkens Diciplin". Bl.a. kunne en ikke få gifte seg om en hadde forsømt altergangen. De som skulle gifte seg i andre sogner enn sitt hjemmesogn, måtte ha attest fra sin sokneprest om fremmøte til "Herrens Bord" det siste året.

Kirkegangen skulle først og fremst være deltakelse i gudstjenesten, men i tillegg hadde den en viktig sosial funksjon. Man traff slekninger og kjentfolk. Og ikke minst var kirkebakken et sted hvor man fikk høre nyheter. Så må vi ikke glemme ungdommen opp i dette. I kirken og på kirkebakken "så de på hverandre". Mangt et giftermål var resultat av et møte på kirkebakken. Fra gammelt er det fortalt at man til og med danset på kirkebakken etter gudstjenesten. Den kjente fotografen Wilse har tatt et bilde som viser at ungdommen danser en slags ringdans på kirkebakken. Etter klesdrakten å dømme kan bildet være tatt de første årene etter 1900.

Ja, sannelig – skikk og bruk forandres. Vi har sikkert tapt mye i våre dager, når vi haster til og fra kirken i bil.

Noen er fremdeles flinke til å stanse etter gudstjenesten for å slå av en prat. Men mange av oss kunne nok vært flinkere i så måte.

De søndagene det ikke var gudstjeneste, skulle husfarene lese dagens tekst fra en av huspostillene (vidloftige prekensamlinger) som var skrevet på dansk fra 16-1700 tallet. Og når vi vet at de fleste ikke var særlig flinke til å lese, kan enhver tenke seg at det måtte bli ulidelig kjedelig for barn og ungdom. Det fortelles at det hendte at barn og unge rev ut sider for at prekenen ikke skulle bli for lang. Når dette er sagt, må vi ikke glemme at disse postillene hadde en viktig betydning for den enkeltes kristenliv. Både gamle og unge fikk en grundig innføring i hva kristen tro og liv var, noe de alltid bar med seg gjennom livet.

#### SØNDAGEN SLIK MANGE AV OSS HUSKER DEN

For bare 50 år siden var levesettet til folk flest et helt annet enn i vår tid. De som hadde sitt virke i primærnæringene hadde ingen fritid eller ferie. Arbeidsdagene var lange – særlig i onnene. Søndagen kom som en lise opp i alt strevet. Selv husker jeg godt at foreldrene mine skiftet til finklær om søndagsmorgen. Mor bakte ofte fløtekake som vi hadde til ettermiddagskaffen eller nonsmat, som de sa. Vi unger hadde ingen plikter. Vi slo ball, badet eller gikk på "sleng." På alle måter en annen slags dag for alle. Om kvelden kom det ofte besøk. Det var som oftest en mann, svært sjeldent kvinner. De som kom på besøk var ikke budne. Før vi fikk lagt inn elektrisk lys, tente en ikke i lampen før mor laget kaffemat til gjesten. Praten gikk stort sett om hva som hadde hendt før – om slekter og hendelser på sjø og land.

#### TIL SLUTT

Det er mange meninger om hvordan søndagen skal benyttes. Den enkelte velger i dag stort sett selv hvordan han eller hun vil bruke dagen. For kirken er det av avgjørende betydning at søndagen bevares som kirkedag. For å kunne overleve som mennesker trenger vi en dag som er annerledes enn de vanlige virkedagene. Søndagen er gitt oss som hviledag.

# Brød for verda

FASTEAKSJON OG  
INNSAMLING  
19. MARS 2001

Også dette året har Kirkens Nødhjelp aksjonen Brød for verda, og også i år skal konfirmandane samla inn pengar til denne aksjonen. Beløpet som kjem inn, skal denne gongen gå til å forsyna landsbyar i Rwanda med reint vatr. Dei fleste her til lands veit at folk i mange deler av Afrika lir sterkt pga. sjukdomar som dei får av å drikka ureint overflatevatn, som ofte er det einaste vatnet dei har å drikka. Lokale kyrkjer i Rwanda har engasjert seg for å føra fram reint vatr som kjem frå sikre vasskjelder eit godt stykke unna landsbyane og vert ført via reinseanlegg. Kirkens Nødhjelp støttar desse prosjekta.

Rwanda er kjent for fiendskap og mistru mellom folkegrupper etter folkemordet i 1994. Biskop John K. Rucyahana i Den episkopale kyrkja i Rwanda seier m.a.: "Når folk saman byggjer og vaktar vasskjelder, røyr og kranar, møtest dei på tvers av folkegrupper og vanskeleg fortid. Dette trur eg kan vera med på å lækja sår, også dei etter folkemordet. Vatr gir utvikling. Utvikling og samarbeid gir fred."

**Ta godt i mot bøsseberarane  
19. mars, og gi rikeleg!**

**BOKN 7. DESEMBER 2001:**

# Madagaskarkveld

Av Kari Hetland

Forberedelsene hadde tatt sin tid, men så var dagen kommet da Madagaskarkvelden skulle gå av stabelen. Det var gitt beskjed fra "Madagaskargruppen på Haugalandet" ved Bjarne Stornes at nærmere 40 ville ta vegen til Bokn bedehus og være sammen med oss. Flere langbord var dekket. Edvin og Gunnvor Øvrebo hadde tatt seg av dette og kunne fortelle at det var dekket til 90.

## FULLSATT SAL OG FINT PROGRAM

Kvelden begynte med at Edvin ønsket velkommen til alle i en fullsatt sal på bedehuset. Han leste fra Johannes Åpenbaring kap. 7 fra vers 9: "Deretter så jeg en skare så stor at ingen kunne teller den, av alle nasjoner og stammer, av alle folk og tungemål. De stod foran tronen og Lammet, ledd i hvite kapper og med palmegrener i hendene." Edvin

sa videre at det var også en stor flokk som var samlet denne kvelden på bedehuset. I himmelen er det samlet mennesker i tusener av år, fortsatte han. Bjarne Stornes kunne fortelle at det var 175 år siden den første misjonsforeningen ble startet i Stavanger.

Mathias Are spilte orgel. Vårt eget Dacapo med Venevil, Oddrun og Maj Jorunn bidrog med sang. De begynte med en nydelig sang som heter Hymne:

"Fader Vår kom oss i møte...". Vi fikk senere høre flere sanger av trioen.

## MISJONÆR I 30 ÅR

Etter dette var det andakt av Anne Marie Reimers som har reist som misjonær på Madagaskar i



nærmere 30 år. Hun likte godt varmen på Madagaskar, sa hun, men høst og vinter hjemme i Norge likte hun mindre. Hun snakket om at "vi er sett og kjent av Gud – Gud vet om oss", og fortalte om ei grav for en ukjent soldat i Danmark. På gravstøtten stod det: "En flyger kjent av Gud". Det eneste de visste om denne soldatens identitet var at han var engelskemann. Det kunne de se av uniformen. Reimers sa at ute i misjonen fikk de ofte oppleve at Gud så til dem. Profeten Jeremia har sagt at vi skal ikke være redde – Gud vet om oss.

Så var det tid for mat. Som nevnt var det dekket til 90, og hver stol ble raskt opptatt. Praten gikk livlig og fatene gikk rundt. Etter en stund tok Anne Marie Reimers ordet og kunne vise fram nydelige duker fra Madagaskar. Her var stor variasjon og mulighet for å kjøpe.

## MADAGASKARTUREN – EN OPPLEVELSE

Etter matpausen var det opp i salen igjen. Prest Helge S. Gaard, som var reiseleder på Madagaskarturen 1.-16. oktober, tok mikrofonen og skulle lede oss gjennom lysbildene som var blitt tatt på turen. Gaard spurte om Karen Hetland kunne komme fram. Han ville intervju henne om hvordan hun hadde opplevd Madagaskar.

Her fikk vi se lysbilder fra et land med stort mangfold. Karen syntes landet var mye likt Norge, med fjell og mark. Her var det også en stor blomsterflora, store busker med nydelige blomster. Karen ble spurta om hva som hadde gjort mest inntrykk, og hun framhevet da at all nøden blant folk, spesielt ei blind lit

*forts. neste side*



Bjarne Stornes snakkar med deltakarar frå Madagaskarturen

## INNSAMLING TIL VANN I ØST-AFRIKA !



I Øst-Afrika lever 118 millioner mennesker under kronisk vannmangel. Mangel på vann fører også til konflikter og er derfor en dobbel trussel for menneskers rett til liv. Kirkens Nødhjelps arbeid bidrar til at befolkningen selv kan etablere og opprettholde vante, livsviktige vannkilder.

**Ta godt imot bøssebærerne  
tirsdag 19. mars**

DU KAN DONA GI 100,- MED Å KODE 820 45 833  
ELLER BEMYSTE 8200 110 11594 22 87483.



jente på en av misjonens skoler. Fordi denne jenta fikk gå på skole som misjonen driver, fikk hun anledning til å lære seg blindeskrift. Misjonen hadde bidratt til at hun fikk et bedre liv. Det var stort å få se frukten av arbeidet som drives fra Norge, syntes Karen.

Hun fikk også anledning til å besøke markedene. Utover et langt teppe på bakken var det lagt pinner i forskjellige varianter. Det var "tryllepinner", og folk trodde at pinnene hadde makt til å beskytte dem mot farer og plager. En dag de gikk på gaten fikk de se en liten gutt som var krøpling. Han satt på et teppe og prøvde å spille på det som skulle være ei fele. Foran han hadde han lagt en hatt som folk kunne gi han penger. Disse inntrykkene kommer jeg aldri til å glemme, sa Karen. Men jeg er veldig glad for at jeg fikk anledning til å reise, avsluttet hun.

#### MISJONSHISTORIE OG ANSVAR

Etter lysbildeframvisningen ble ordet gitt til Kolbein Espeset som har god kjennskap til misjonshistorien. Han tok for seg litt av denne i kåseriform, og fikk likevel med både det alvorlige og det vanskelige. Det gjorde han mellom annet ved å lese en misjonær sin dagbok. Etter innslaget sang vi "Din rikssak" mens det ble tatt opp kollekt til misjonen. Det kom det inn kr 8000,-

Så leste Anne Helene Eriksen en novelle. Det er litt vanskelig å gi et sammendrag av den, men moralen var at den rike delen av den kristne verden er altfor dårlig til å dele med seg og hjelpe de som lir nød. Jens Stangeland takket alle for kvelden, særlig de som hadde gjort det praktiske arbeidet. Helge S. Gaard lyste velsignelsen.

På alle måter en fin kveld med inspirasjon til ettertanke og giverglede.

# Grundtvig-kveld i Bokn kyrkje

Av Sigvart Våga

Sundag 10. februar var det i Bokn kyrkje eit program utanom dei vanlege gudstenestene. Avaldsnes Kirkekor gjesta oss og hadde ein konsert med salmar av Grundtvig. Daniel Dossev spela klarinett, og vår eigen organist, Karina Lervik, orgel. Sokneprest Arne Haug fortalte om Grundtvig og hans salmediktning.

Det veksla mellom forteljing og song. I alt vart det sunge 12 av salmane hans: Blomstre som en rosengård, Deilig er den himmel blå, Krist sto opp av døde, Frå himmelen Guds ande, I all sin glans nu stråler solen, Kjærlighet er lysets kilde, Alt står i Guds faderhånd, Guds kyrkjefolk syng for vår skapar med von, Kjære Guds barn vær utan sorg, For deg vår Herre er tusen år, Sov søtt lille, og til slutt Vidunderligst av alt på jord. Kyrkjelyden song med i ein del av salmane.

Haug fortalte levande og interessant frå Grundvig sitt vanskelege og samansette liv. Han vart fødd 8. september 1783 i Uddy på Sjælland, der far hans var prest. Han fekk namna: Nikolai Fredrik Sevrin. Som embetsmannsson var det naturleg han gjekk på katedralskule, og det gjorde han i Århus. Han sa sjølv om denne skulen: "Den forvandlede mig til en kold, lavstammed og selvklog person". Som student blei han prega av tida si rasjonalisme, og vart uteksaminert teologisk kandidat i 1803 "uden ånd og uden tro".

Han blei ramma av ei åndeleg krise, men kom til ro og klarsyn og dreiv si prestegjerning med stor iver all sin dag. Som gammal mann, 78 år, vart han heidra med bispetittel. Grundtvig hadde eit sjukeleg sinn og var til tider deprimert. Men det svinga sterkt, og hadde også sine lyse dagar. Det var på ein slik dag i 1810, etter først å ha vore gjennom ei svært mørk tid, at han skreiv si første salme: Deilig er den himmel blå, heile 19 vers frå først av.

Sin første jobb hadde Grundtvig som huslærar på godset Egelykke på Langeland. Her vart han så veldig sterkt ulykkeleg forelska i den vakre kona. Henne kunne han jo ikkje få, men han vart seinare gift



Bokn kyrkje

heile tre gonger, den siste då han var 75 år. Han var svært interessert i soga, lærde seg oldnordisk og oldengelsk, omsette Saxo og Snorre. Hans forfatterskap dreier seg om to polar, kristendom og soga. Han var svært produktiv og har gjeve oss ein flott salmekatt, heile 1500, og mange andre diktverk.

Då professor H.N. Clausen i 1825 gjorde seg til talsmann for ein opplysningsprega, kritisk teologi, sende Grundtvig ut det voldsomme stridsskrift: "Kirkens Gjenmæle". Clausen reiste injuriesak og vann denne, og Grundtvig vart dømd. Men nå hadde han nådd fram til grunnvollen for heile sitt virke, som folkevekkjar, predikant, diktar og skulemann. "Menneske først, så kristen."

Grundtvig sitt ettermæle er serleg knytt til den såkalla grundtvigianismen som vart ei kyrkjeleg retning og folkeleg kulturrørsle. Ikke berre i Danmark, men også i Norge vart dette grunnlag for dei mange folkehøgskulane.

Frammøtet var bra, men på ein så gild og lærerik kveld burde det vore enda større. Du som ikkje var der, gjekk glipp av noko.

# NESET

## SØNDAGSSKULE

Nå har "stafettpinnen" nådd oss også, og me skal fortelje litt frå søndagsskulen.

Det er ein trufast gjeng me har på søndagsskulen. Me samlast ca. annakvar søndag, og då kjem det 7-9 born mellom 3 og 12 år. Det er nesten fullt oppmøte for den yngste aldersgruppa i bygda.

Me flytta hit i 1999 og overtok då søndagsskulen etter Berta Voll på over 90 år. Ho hadde då halde på med søndagsskule i over 50 år!!! Som mange av dykk sikkert veit har Berta fått Kongens fortjenestemedalje i sølv for denne innsatsen. Ho hadde dei siste åra samlingane heime i stova si, men nå er me tilbake på Neset bedehus, Liarvåg.

Me er to vaksne leiarar som begge går kvar gong: Brit Sande Bakkevig og Lars Oddvar Bakkevig. Søndagsskulen varer i 45 minuttar. Då syng me mykje i lag, har andakt og fargelegg bilde frå teksten.

Ein av favorittsongane er:  
Du er du og du duger.....  
Ja, du passer perfekt i Guds favn.

Måtte me klare å formidle til borna at alle er elska av Gud, uansett – at me er verdifulle slik me er.

*Helsing  
Brit Sande Bakkevig*



Rundt bordet frå venstre: Lars Kåre Bakkevig, Aina Dalva Lie, Kjersti Topnes, Eli Ann Lund, Mariann Thommessen, Øyvind Lund og Ingvald Austevik Voll

## Stort søndagsskolestevne på Moster Amfi 14. april

Det forventes mange hundre barn og voksne som samles søndag 14. april til felles avslutning av søndagsskoleåret i år, og vi ser frem til et inspirerende og fint arrangement som altså er i søndagsskolekretsens regi på Moster Amfi.

Det blir mange forskjellige aktiviteter for barna i og rundt Amfiet, og det hele skal avsluttes med en gedigen søndagsskolekonsert, der vi får både se og høre litt om det som barna har lært i søndagsskolen dette året. Tore Thomassen har nemlig laget en musical som følger tekstene, og alle søndagsskolene i kretsen er blitt utfordret til å øve inn sangene.

Vi har engasjert et barnekor, "Gledesbuet" fra Stord, til å hjelpe oss, og to dramagrupper skal visualisere innholdet i sangene. Solist-rollene blir delt mellom dramagruppene og "Gledesbuet", og alle søndagsskolebarna som har øvd på noen av disse sangene, vil bli invitert fram, slik at de får være med i framførelsen. Vi vet at mange har øvd flittig, og vi er veldig spente på hvor mange hundre barn som blir med i dette koret.

På denne måten får vi en fin opplevelse og sammendrag av bibel-fortellingene som barna har lært dette søndagsskoleåret.

**VELKOMMEN TIL EN TRIVELIG DAG  
PÅ MOSTER AMFI !**  
Arrangementet vil bli godt annonsert.  
Magne Tangen, kretssekretær




Gledesbuet

## Kyrkjejubileum i Tysvær

Som kanskje mange veit, kan Tysvær kyrkje feira 150-års jubileum i år. Dette vil bli markert på fleire måtar, og to komitéar er i sving med førebuingane. Jubileumsbok-komiteen arbeider med ei bok om kyrkja si historie gjennom desse 150 åra. Denne boka vil ein få tilbod om å kjøpa. Arrangementskomiteen arbeider med ulike markeringar i samband med jubileet. Søndag tredje november blir det festgudsteneste for "jubilanten" og gjester. Onsdag og fredag veka før blir det kulturveld og bedehus/kyrkjekveld. Alt nå kan altså datoane 30. oktober og 1. og 3. november merkast av på kalenderen, då vert det kyrkjejubileum i Tysvær.

AKR



# Nytt frå kyrkjeverja

## TAKK TIL ODD TOPNES

Odd Topnes har blitt pensjonist etter mange års teneste i kyrkja. Dei fleste i Tysvær har blitt kjent med Odd gjennom hans innsats som kyrkjegardsarbeidar. Dette er eit arbeid han har hatt sidan han blei tilsett i Tysvær kommune i 1985. Han byrja då som kyrkjegardsarbeidar i 60% og kyrkjeteran i 40% stilling. Han var kyrkjeteran både i Nedstrand kyrkje og Skjoldastrauen kapell. Han var i full stilling fram til han blei 65 år, då han gjekk ned i 60% stilling.



*Odd Topnes*

Odd har vore formann for dei som arbeider på kyrkjegardane, og han har hatt ansvar for kyrkjegardane i heile kommunen dei

siste åra. Han har god kunnskap om kyrkjegardsdrift og har eit godt minne over kor den enkelte er gravlagt. Odd har heile tida også vore levande interessert i det kristelege arbeidet og har mange års fartstid både i soknerådet og i arbeidet for dei kristelege organisasjonane.

Vi takkar Odd for det gode arbeidet han har utført, og håpar at han vil få mange og gode år som pensjonist. Han kjem til å halda fram i ei lita deltidstilling som kyrkjeteran i Nedstrand kyrkje, og det gler vi oss over.

## NEDSTRAND KYRKJE

skal målast til våren. Arbeidet kjem i gang så snart som mogleg i april månad. Vi skal i år også få nye vannpostar på Nedstrand kyrkjegard og Skjoldastrauen kyrkjegard.

## FØRRE KYRKJEGARD

Arbeidet med å utvida kyrkjegarden rundt Førre kyrkje held fram. Det

har vore vanskelege arbeidsforhold med mykje vatn i vinter. Vi reknar med at arbeidet vil vera ferdig i slutten av juni og at vigslig vil kunne skje i august/september månad. Dette kjem vi attende til.

## KYRKJEGARDANE

Våren kjem, og det er klart for vedlikehald på gravene. Eg vil minna om at det som ein vil kasta, ikkje må leggjast bakom gravstøtta. Du er sjølv ansvarleg for å fjerna avfallet. Hugs at det ikkje er lovleg å nytta vasar av glas. Knuste vasar kan skada dei tilsette ved kyrkjegarden. Eg vil også minna om at det er forbode å leggja heile plater, med utsparing i midten for planting, framføre eit gravminne. Ta kontakt med kyrkjeverja om du har spørsmål i samband med dette.

*Terje Fjeldheim.*

# Den positive konfliktløsningen

La oss si at du er uenig med naboen, innblandet i konflikter på arbeidsplassen eller er blitt offer for urettferdig behandling og umulige forhold. Kanskje har du begått tyveri, gjort hærverk, opptrådt upålitelig eller deltatt i kriminelle handlinger? I alle disse tilfellene kan sannsynligvis konfliktrådet hjelpe deg.

En liten konflikt kan utvikle seg til å bli stor og uhåndterlig. Av og til er det nødvendig å anmelde saken for å få ordnet opp. Men det finnes også en annen måte å takle konflikter på. I samarbeid med konfliktrådet kan en rekke saker løses direkte mellom de involverte partene.

## FRIVILLIG OG GRATIS

Alle aldersgrupper kan bruke konfliktrådet, også de under kriminell lavalder (15 år). Partene deltar selv aktivt sammen med en megler, og kommer med forslag til løsninger. I de aller fleste saker som megles, kommer partene til enighet. Vanligvis megles saken innen et par uker etter at vi mottar den.

Ordningen er frivillig og gratis. Meglerne er offentlig oppnevnt og har taushetsplikt.

Meglingsmøtene legges til kommunalt møterom på hjemstedet.

Hvis du er i tvil om din sak egner seg for konfliktrådet, kan du ta kontakt for å få mer informasjon om tilbuddet vårt. Konfliktrådet behandler også mindre straffesaker overført fra politiet.

## Konfliktrådet i Nord-Rogaland

**Møllerveien 28, Boks 278, 5501 HAUGESUND**

**Telefon: 52 71 88 11. Faks: 52 72 87 02. E-post: nrogaland@konflikt.com**

## 17. mai-fest for hele familien

i Aksdal kyrkje kl.18.00.

Taler: Åsmund Kalstveit.

Barnekoret Gla'sang.

Saksofongruppe. Variert program ellers. God mat.

## Bokn: Kulturfestival på bedehuset

Bokn Bedehus og Bokn Mållag arrangerer

kulturfestival om Alf Prøysen

22.mars kl 1900 på bedehuset.

Etter opplesning og sang blir det god tradisjonsrik mat.

Velkommen!

## HVORDAN HAR DU DET egentlig?



**Kirkens SOS 815 33 300**

ET Menneske å snakke med når livet er som verst

# Slekters gang

## Døypte

### Tysvær kyrkje

- 8.11: Torborg Veim Eikje  
Amalie Masina Stangeland  
02.12: Selmer Gregersen  
25.12: Henrik Tse Zhiong Hellesøy  
Bjørn-Petter Vågen  
27.01: Simon Norderhus Falkeid  
Fredrik Odland  
Even André Amdal

### Førre kirke

- 16.12: Knut Kornelius Kolstø  
Ingvar Eikemo  
Thomas Sandvik Johansen  
Helene Søvik  
26.12: Ivar Bror Krogstad  
Oda Erland  
Sander Håland  
06.01: Marie Karlsen  
Håvard Knutsen  
Steffen Knutsen  
27.01: Thea Elisabeth Lie  
Bjørnar Rinden

### Aksdal kyrkje

- 20.01: Amund Bådsvik  
Thomas Nessa  
Malin Søvik  
10.02: Gøran Haraldseid Kallevåg  
Charlotte Merete Øvstedal

### Bokn kyrkje

- 16.12: Endre Øvrebø  
26.12: Lars-Andreas Hausken  
Thomas Martin Alvestad

### Nedstrand kyrkje

- 16.12 Andrine Ubøe

- 20.01. Lea Benedikte Eide Milje  
03.02. Gaute Horpestad Lien  
Hanna Helle

### Skjoldastrauen kapell

- 18.11. Malin Steinsland  
Lisa Bustad Pedersen  
Turid Elin Tjoland  
Maria Froyland  
25.11. Hedda Sildelid Søvik  
13.01 Henrik Gjedrem  
27.01. Even Henriksen

## Vigde

### Førre kirke

- 02.02: Bodil Stakkestad og  
Arnfinn Horneland  
Kristensen  
02.02: Liv Marit Fredsvik og  
Frode Førre  
02.02: Inger Lura og  
Odd Gunnar Fjeldheim

## Jordfesta

### Tysvær kyrkje

- 30.11: Arvid Kallekodt  
28.12: Bjørg Hervik  
01.02: Henny Rasmussen  
28.02: Gunvald Magnus Berge

### Førre kirke

- 23.11: Peder Holme Jacobsen (Vår  
Frelsers)

28.11: Kåre Gabriel Nyland

14.12: Knut Aksdal

04.01: Jon Egil Hiberg (St.Torfinn,  
Levanger)

09.01: Sjur Lothe (Vår Frelsers)

11.01: Oddgeir Pedersen  
(Skjoldastrauen)

16.01: Borghild Bredal Høie  
(Skjoldastrauen)

06.02: Gunvor Marie Kallevik

08.02: Tore Kristian Lande  
Gunnarshaug  
(Kristine Elisabeths grav-  
lund)

### Bokn kyrkje

21.12: Eiliv Vatnaland

### Nedstrand kyrkje

01.11. Elisabeth Tøtlandsmo (DFEF)

28.11. Kåre Gabriel Nyland  
(Førresfjorden)

### Skjoldastrauen kapell

- 11.01. Oddgeir Pedersen  
16.01 Borghild Bredal Høie  
24.01. Sivert Djursvoll  
08.02. Omer Pawells  
15.02. Martens Ottøy  
22.02. Ingeborg Serina Tveit

## Preiketekstane

24. mars	Palmesøndag	Joh 12, 12-24
28. mars	Skjærtorsdag	Joh 13, 1-15
29. mars	Langfredag	Mark 14,26 - 15,37
31. mars	Påskedag	Joh 20, 1-10
1. april	2. påskedag	Joh 20, 11-18
7. april	1.s.e.påske	Joh 21, 1-14
14. april	2.s.e.påske	Joh 21, 15-19
21. april	3.s.e.påske	Joh 14, 1-11
28. april	4.s.e.påske	Joh 15, 10-17
5. mai	5.s.e.påske	Matt 6, 6-13
9. mai	Kr.h.f.dag	Ap.g.1,11-11
12. mai	6.s.e.påske	Ef 4, 1-6
17. mai	Grunnløvsdag	Joh 12, 35-36
19. mai	Pinsedag	Joh 14, 15-21
20. mai	2.pinsedag	Joh 6, 44-47
26. mai	Treenighetssøndag	Matt 28, 16-20
2. juni	2.s.e.pinse	Luk 12, 13-21
9. juni	3.s.e.pinse	Luk 19, 1-10
16. juni	4.s.e.pinse	Sal 139,1-12

## Møtekalenderen

### MØTE I AKSDAL KYRKJE

19. mars kl 19.30: Normisjon  
9. april kl 19.30:  
Den Norske Sjømannsmisjon  
16. april kl 19.30:  
Det Norske Misjonsselskap  
23. april kl 19.30: Normisjon  
30. april kl 19.30:  
Den indre Sjømannsmisjon  
7. mai kl 19.30: Misjonssambandet  
14. mai kl 19.30: Normisjon  
28. mai kl 19.30: Misjonssambandet

### SØNDAGSSKOLE I AKSDAL

følgjande søndagar: 14. april,  
19. mai, 2. juni, 9. juni.  
Søndagsskolen er frå  
kl 11.30 – 12.15  
og delt i 2 klasser: 4 år t.o.m. 1.kl.  
2.kl og oppover.

### BYGGEKLOSSEN,

formiddagstreff for barn (0-6 år)  
og vaksne, har samling følgjande  
onsdagar kl 10-12 i Aksdal kyrkje:  
3. april, 17. april, 24. april.

### STEGABERG BEDEHUS

Søndag 17. mars kl 11:  
Familiegudstjeneste. Helge Gaard.  
Offer til dåpsopplæringen.

### KIRKENS KVINNEFORUM

har følgjande møte:  
Torsdag 18. april kl 19.30  
i Aksdal kyrkje  
Torsdag 30. mai:  
Utflykt til Kjerringgarden i Bjoa.  
Start fra Aksdal kl 18.  
Påmelding til Else Egenberg.

# Velkommen til Kyrkje

## Tysvær kyrkje

### Palmesøndag

**24.03. kl 11:** Gudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Langfredag

**29.03 kl 11:** Langfredags-gudsteneste. Helge Gaard.

**1. påskedag 31.03 kl 09.30:** Påskefrukost på Tysvær Soknehus. Kl 11: Høgtidsgudsteneste. Arne Aurdal. Kyrkjelydkoret. Offer til Soknehuset.

**14.04 kl 11:** Gudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til Normisjon.

**28.04 kl 11:** Gudsteneste. Arne Aurdal. Dåp. Offer til Kirkens SOS.

### Kristi himmelf.dag

**09.05 kl 19:** Overhøyings-gudsteneste. Arne Aurdal.

### 12.05 kl 10.15 og 12:

Konfirmasjons-gudstenester. Arne Aurdal. Offer til Tysvær Soknehus.

### 17.05 kl 11.30:

Familiegudsteneste. Arne Aurdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 1.pinsedag 19.05 kl 11:

Høgtidsgudsteneste. Arne Aurdal. Dåp. Offer til Institutt for Kristen Oppseding.

## Bokn kyrkje

**17.03 kl 11:** Familiegudsteneste. Arne Aurdal. Speiderne og dåps-skolen deltar. Offer til Haugaland krets av KFUK/KFUM.

### Skjærtorsdag 28.03 kl 11:

Gudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til aksjonen Brød for verda.

### 1.påskedag 31.03 kl 15:

Høgtidsgudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**21.04 kl 19:** Overhøyings-gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til Kirkens Bymisjon.

### 05.05 kl 11:

Konfirmasjons-gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**17.05 kl 10.30:** Familieguds-tjeneste. Arne Aurdal. Offer til Kirkens Nødhjelp.

### 1.pinsedag 19.05 kl 15:

Høgtidsgudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til Menighets-fakultetet. Kyrkjekaffe.

## Nedstrand kyrkje

**17.03. Kl.11:** Familiegudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Barnekoret syng. Offer til Navigatørene

**29.03. Kl.11:** Langfredags-gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

**31.03. Kl.10:** Høgtidsgudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Offer til Misjonsprosjektet

**21.04 Kl.11:** Samtalegudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Offer til IKO. 50-års konfirmantane er innbedne

**05.05. Kl.11:** Konfirmasjons-gudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet

## Skjoldastrauen kapell

**24.03 Kl.11:** Familiegudsteneste v/ Finnleiv Haga. Søndagsskulen blir med. Offer til dåpsopplæringa

**28.03 Kl.19.** Kveldsgudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Nattverd. Offer til kristenrussens misjonsprosjekt

**31.03. Kl.12:** Høgtidsgudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Dåp. Offer til bibelskulen, Bildøy

**14.04. Kl.11:** Familiegudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Dåp. Barnekoret syng. Offer til Normisjon

**28.04. Kl.11:** Samtalegudsteneste v/Dag Tormod Milje. 50-års konfir-mantane er innbedne. Offer til bedehuset

**12.05. Kl.11:** Konfirmasjons-gudsteneste v/ Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet

## Aksdal kyrkje

**17.03 kl 19** Lovsongsgudsteneste med nattverd. Voice of Joy, Marta Fjeldheim og Helge Gaard.

Presentasjon av nytt sokneråd. Kveldsmat og årsmøte etter gud-stenesta.

### Skjærtorsdag 28.03 kl 19:

Gudsteneste. Helge Gaard. Nattverd. Offer til Haugaland krets av KFUK/KFUM.

### 1.påskedag 31.03 kl 11:

Høgtidsgudsteneste. Helge Gaard. Nattverd. Offer til NMS (Madagas-karprosjektet). Bønn kl 10.30.

**07.04 kl 11:** Familiegudsteneste. Bård Hauge og Helge Gaard. Dåp. Offer til Mali-prosjektet.

Kyrkjekaffe. Bønn kl 10.30.

**14.04 kl 11:** Gudsteneste. Prost Per Arnulf Nordbø. Søndagsskule. Offer til Normisjon.

Kyrkjekaffe. Bønn kl 10.30.

**25.04 kl 19:** Gudsteneste. Helge Gaard. Nattverd. Holy Riders deltar.

**27.04 kl 16:** Samtalegudsteneste. Arne Hanssen og Helge Gaard. Offer til dåpsopplæringen.

**05.05 kl 10.30 og 12.15:** Konfirmasjons-gudstenester. Helge Gaard og Arne Hanssen. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

### Kristi himmelfartsdag

**09.05. kl 11:** Gudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til Organisasjonenes Fellesråd. Bønn kl 10.30.

**17.05 kl 09.30:** Familieguds-tjeneste. Helge Gaard. Offer til Kristent Interkulturelt arbeid.

### 1.pinsedag 19.05 kl 11:

Høgtidsgudsteneste. Helge Gaard. Dåp. Søndagsskole. Offer til NKSS. Kyrkjekaffe. Bønn kl 10.30.

## Førre kirke

### Palmesøndag 24.03 kl 11:

Gudstjeneste. Prost Per Arnulf Nordbø. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

Langfredag

**29.03 kl 11:** Langfredagsguds-tjeneste. Arne Aurdal.

### 2.påskedag 01.04 kl 11:

Høgtidsgudstjeneste. Helge Gaard. Dåp. Offer til Førre/Aksdal KFUK/KFUM.

**21.04 kl 11:** Gudstjeneste. Helge Gaard. Nattverd. Speiderne deltar. Offer til K/M-speiderne.

**12.05 kl 10.30 og 12.15:** Konfirmasjons-gudstjenester. Helge Gaard og Arne Hanssen. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

**17.05 kl 11:** Familiegudstjeneste. Helge Gaard. Offer til Kristent Interkulturelt Arbeid.